

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 34/2007

Møtedato: 20.6.07

Arkiv nr: 324.1

Søknad om å få setja opp bom ved Bøastølvegen – ny behandling

Aslag Hamre og Ola Rudi skriv i brev datert 31.8.06 følgjande:

Søknad om å setja opp betalings- bom ved Bøastølvegen.

Syner til at vil har drøfta trafikksituasjonen på Bøastølvegen med fjelloppsynet ved fleire høve.

Etter å ha nytta fleire ulike vegleier vart Bøastølvegen bygd med "handmakt på gamlemåten" i tredve åra ein gong. Det var tre partar om dette arbeidet, eigar av øvre og nedre Bøastølen og eigar av Tjednstølen. Vegen er bygd med svært enkel standard, utan berelag og med breidde berre for eit kjøretøy (møtande kjøretøy må rygge). Samla veglengde er om lag 1100 meter, medan det er om lag 500 meter fram til Tjednstølen. Ut frå vegstandarden er det svært avgrensa kor mykje trafikk vegen tålar og vi har frå 1974 søkt å avgrense trafikken mest mogleg ved å skilte vegen med "privat veg". Dette har fungert tilfredsstillande, men vi ser no at trafikken aukar vesentleg ved at enkelte hytteeigarar legg seg til eit kjørebehov slik at dei kjører systematisk gjennom heile sumaren.

Det er svært få som har eit reelt kjørebehov langs denne vegen, og vi har i sumar drøfta ulike løysingar for å avgrense kjøretrafikken på ein betre måte. Dei aller fleste kan gå desse 1100 meterane og svært mange nyttar og vegen til turveg, noko vi alle trivs med.

Ut frå drøftingane med fjelloppsynet ynskjer vi å søkje Fjellstyret om å kunne setja opp ein enkel betalingsbom, for å sjå om dette kan vera med å avgrense den unødvendige kjøringa. Vi ser for oss at bom avgift må vera av symbolisk karakter, men likevel dekke kostnadene med oppretting og tilsyn med ein bom. Vi vil foreslå at vi legg bom avgifta likt med hovudvegen, med kr. 50,- pr. tur. Dette blir neppe inntekter til å betale vedlikehald med, men vi er komfortable med å gjera vedlikehaldet for eiga rekning, så langt vi kan avgrense unødvendig trafikk. Med omsyn til vedlikehaldet er det elles slik at Øvre Bøastølen la ned stølsdrifta for om lag 40 år sidan, garden er elles seld og stølen har berre funksjon som hytte. Den siste generasjonen er det Nedre Bøastølen og Tjednstølen som har delt på ansvaret for vedlikehald av vegen.

Dei siste åra har vegen vore utsett for relativt hard bruk i frostperiodane vår og haust. Vegen er ikkje bygd for å tåle slik trafikk og vi ser på moglegheiter for å stenge vegen i desse periodane med nøkkelbom. Vi reknar elles med at dette er noko vi ikke må søkje spesielt om.

Vi ser fram til å høyre frå Fjellstyret, og ser fram til å kunne prøve ut ei ordning med vegbom.

Statskog og fjellstyret har vore samde om at alle vegar i allmenningen skal vera opne og ikkje kunne stengjast. Ein har heller ikkje tillete at vegar blir søkt hindra bruk ved oppsetting av skilt med tekst om forbod mot kjøring eller privat veg. Fjellstyret har ved starten av denne vegen skilta med blindveg.

Betalingsbom er likevel nødvendig for at brukarane skal vera med å dekke utgifter til vedlikehald av vegane. Vegloven § 56 har følgjande reglar om oppføring av bom og innkrevjing av avgift:

Med samtykke frå kommunen kan det krevjast bompengar for ferdsel på privat veg. Kommunen skal også fastsette storleiken på avgifta og kan sette vilkår om bestemt bruk av avgiftsmidlane.

Kommunen kan også fastsette at det kan krevjast tilleggsavgift av eigaren til køyretøyet ved unnlatt betaling av bompengar og fastsette storleiken på tilleggsavgifta.

Oppføring av bom må også ha Statskog si godkjenning og Statskog kan stille vilkår. Fjellstyret gir uttale til søknaden før Statskog tek avgjer.

Søkarane opplyser at dei meiner inntektene skal dekke kostnadene med oppretting og tilsyn med ein bom, men ikkje at bommen skal gi inntekter som kan brukast til vedlikehald. Etter fjellstyret sitt syn er det lite aktuelt å setja opp ein bom dersom det er så lite trafikk at inntektene berre går til anlegg og drift av bommen.

I sak 40/06 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Søkarane skriv at målsettinga er å redusere trafikken og ikkje for å få inntekter til vedlikehald av vegen. Fjellstyret finn derfor ikkje å tilrå at det blir godkjent oppføring av bom ved Bøastølvegen. Vidare tilrår fjellstyret at skilt om privat veg blir pålagt fjerna.

Bøastølen veglag ved Aslag Hamre og Ola Rudi skriv i brev datert 22.10.06 følgjande:

Syner til søknad om å setje opp betalings- bom ved Bøastølvegen datert 31. august 2006, til vedtak i Fjellstyret av 6.september 2006 og vidare til samtale på tlf. både med fjelloppsynet og med styreleiar i Fjellstyret.

Stølen og stølsdrifta betyr svært mykje for oss.

Vi er no svært tilfreds med at vi far signal både frå fjelloppsynet og frå styreleiar at det vil vera aktuelt å sjå på saka på nytt.

Vi trur ikkje at fjellstyret er tente med å invitere oss til strid i dette spørsmålet, korkje med fjellstyret eller med dei som tek seg til rette langs vegen vår. Vi trur at samarbeid er løysinga for framtida. La oss i fellesskap finne dei gode løysingane til beste for alle partar. slik vi har invitert dykk til både i brev og tale. Om de skulle ynske å løyse dette gjennom å syne til lovverket kan de kanskje ikkje rekne med at vi vil nytte dette like selektivt som de så langt har lagt opp til.

For oss er det avgjerande å finne ein måte som kan avgrense trafikken langs vegen, og slik er det og for fleirtalet av dei øvrige brukarane av vegen. som er hyttegjester på Syndin, og som i stor utstrekning brukar denne vegen som turveg til fots, og eller med sykkel og barnevogn.

Vi ser det slik at for oss er det fleire sider her. Den eine er å avgrense kostnaden med vedlikehald av vegen. Dette gjer vi mest effektivt ved å kunne avgrense trafikken til det som er nødvendig trafikk. Det er elles viktig for oss å avgrense trafikken slik at den samsvarar med den standarden som er på vegen i dag.

Vidare er det avgjerande for oss å avgrense trafikken slik at vi får bølingen til å trivast med å vera på stølen. Det meste av surnaren nyttar bølingen arealet omkring tjerna nede ved fjorden som nattlego. Her får dei salt og mjøl og kan finne den gode tilknytinga til stølen.

Vi føler oss sikre på at når fjellstyret får vurdert dette grundigare, så vil vurderinga bygge på langt meir kunnskap om vegvedlikehald og kostnadar, enn det som kjem til uttrykk gjennom tidlegare vurdering av saka. Dersom det skulle syne seg at inntektene blir for små til å dekke opp kostnadar. er det kanskje ei løysing å ta ein større bom avgift. Vi vil for vår del signalisere at vi vil vera mest komfortable med ein symbolisk avgift slik vi har tilteie oss å foresla. Dette i alle fall i første omgang.

Elles finn vi det naturleg å halde fram at det var fjelloppsynet ved Ranum som foreslo for oss at det beste ville vera å regulere trafikken gjennom ein betalings bom. Berre to veker før drøfta vi situasjonen med fjelloppsynet Hemsing. Han foreslo at det ville vera naturleg at fjellstyret la litt ressursar i å opparbeide båtplass i søre enden av vatnet. Her er det allereie naturleg parkeringsplass etter tidlegare grusuttak, og elles enkelt å legge til rette tilkomst til fjorden. Dette kombinert med ein informasjonstavle om både vegbruk, fiske og motorferdsle på vatnet kunne kanskje gjera at vi ikkje måtte drøfte opprettning av betalings bom. Vi vil for vår del halde fram at vi syns dette var eit godt forslag å prøve i første omgang. Slik vi ser det ville det vera meir aktuelt å vurdere betalings bom nokon år fram i tid, når vi ser korleis dette ville verke på trafikken.

Fjellstyret har informasjonstavle ved Pyttingen. Denne står svært dårlig og trengst å setjast på ein plass med betre grunn. Det kan derfor vera eit godt alternativ å flytte tavla til krysset mot Bøastølen. Opparbeiding av utsettingsplass for båt har ikkje fjellstyret sett på. Dette er normalt ikkje stort problem å få tilpassa utan store kostnader.

Langs vegen har ein registrert at det er teke ut grus både til vegen og truleg også til andre formål. Gamle grustak skal normalt reserverast stølsvegen etter at det er oppretta avtale med Statskog.

I sak 55/06 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret ser positivt på framlegget om å gjera tiltak med informasjonstavle og båtplass før det blir vurdert bom. Tiltaka vil fjellstyret gjennomføre til sumaren etter ein har sett plassering av tavle og båtplass under befaring i juni. Tidlegare tilråding om skilting står ved lag.

Fjellstyret tilrår at det blir oppretta avtale med stølsvegen om grusgruve. Avgrensing og andre vilkår bør ein sjå på under befaring i juni.

Statskog og fjellstyret såg på saka saman med stølsbrukarane i området under befaring den 15.6.07. Ein kom då ikkje til noko løysing på saka.

Aslag Hamre skriv i brev datert 20.6.07 følgjande:

Vi seier oss leie for at synfaringa ikkje vart så triveleg som vi hadde håpa på. Vi hadde vona at vi i fellesskap kunne vore meir løysingsorienterte. Den korte oppsummeringa var, slik vi ser det, meir egna til å få fram dei absolutte motpolane, enn til å finne felles løysing til beste for det samla miljøet i området.

I samband med den første samtalen vi hadde med fjelloppsynet for fem år tilbake, sette vi fram forslag til fornya skilting av vegen. Vi trur dette forslaget ville vera ei svært god løysing. Forslaget var om lag slik:

Velkommen
Turveg /veg

Kjøring berre til eigedomane

Vær venleg å parkere her

God tur

Etter at vi gjennom dei siste 35 åra har regulert trafikken langs vegen på ein effektiv måte med skilting vil det vera lite tenleg at vi no berre opnar opp for tilfeldig trafikk utan vidare. Vi er elles svært komfortable med å skilte meir imøtekommende enn det som har vore tilfelle desse 35 åra.

Vi er vidare overbeviste om at ei effektiv regulering av trafikken er i fellesskapet sin interesse i området.

Den storstilte utbygginga av hytter på privat grunn vil føre til auka press på områda i allmenningen. Ved godkjenning av planer på privat grunn burde det vore innarbeidd tiltak for ferdsel og tilgang til vatnet frå privat grunn.

Skiltinga legg opp til at styrt bruk til bestemte grupper; dvs kjøring berre til eigedomane. Dette er etter det ein har oppfatta ikkje meint som eit forbod, men som ei oppmoding. Det bør då vera klargjort kven som har bruksrett i vegen. Fleire av stølsbrukarane på Nørre Gilen har teigar nord for Bøastølen og det er naturleg at dei har brukt vegen frå gammalt. Om desse teigeigarane har bruksrett i vegen er ukjent for fjellstyret. Det er vanleg å bruke bil ved henting av buskap som ikkje kjem tilbake til stølen. Aslag Hamre opplyste ved befaring at dei framleis skal kunne gjera dette. Dette er ikkje i samsvar med skilting og det bør vera samsvar mellom skilting og praksis.

Etter det ein kjenner til er det ikkje formelt stifta eit veglaget. Det er ein fordel å ha eit veglag å halde seg til når det gjeld avtale om grus m.m. Ved ein slik prosess får ein oversikt over kven som har bruksrett i vegen.

Om det skal oppmodast til ikkje å kjøre bestemte vegar, må dette vurderast ut frå andre område i allmenningen. Seier ein ja til slik skilting her, må andre vegar som har tilsvarende situasjon kunne gjera det same. Tekst som skal brukast må vera standardisert slik at det blir likt i heile allmenningen. Målgruppa er bilistar og forslage tekster bør kanskje gjerast kortare for å vera lett å oppfatte frå bil.

Fjellstyret gir uttale til søknaden og Statskog skal godkjenne skiltinga.

Vedtak:

Fjellstyret har forståing for at det er ynskje om å styre trafikken i området og ser positivt på dette når det skjer ved ei imøtekommande skilting. Føresetnad for tilråding av slik søknad er at fjellstyret er ansvarleg for skiltinga, dvs fjellstyret utarbeider skiltet og dekker kostnadene. Saka oversendast Statskog for vidare behandling med tanke på ein felles skilting som kan brukast på denne og andre vegar der det kan vera ynskjeleg å styre bruken.

Vidare tiltak som utsettingsplass for båt, rastebord og utedo vil ein ta opp til vurdering etter at Statskog, stølsbrukarane og fjellstyret er samde om ei løysing på skilting/bom.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.6.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Aslag Hamre
Kari Kvåle / Torbjørn Kvåle
Erik Gunnar Kvale